Oppryddinga på Børnes held fram

11.10.2010

Dungen av hunved skal brennast

Oppryddinga på Børnes skal fullførast, både på kaien og inne på industriområde.

Dette seier Jarle Fossheim, Tekniske tenester, i Kvinnherad kommune til uskedalen.no.

Sandsiloen skal flyttast

Det som særleg står att no er å fjerna den store dungen av hunved.
Fossheim vil prøva å få ein avtale med branntroppen i Uskedalen om å få dette brent.

Tauverk frå det avslutta skjelanlegget

Ein sandsilo skal takast bort. Det same gjeld tauverk frå skjelanlegget på Skorpo.
Noko av rotet på Børnes er av privat art, av brukarane.
Noko gjeld avtalar som er gjort mellom faste eigarar og meir tilfeldige brukarar.
Så finn vi litt mindre rot som lett kan ryddast opp i.
Dette gjeld mellom anna ein skadd plastbåt.

Her har alle eit ansvar slik at Børnes kan presenterast som eit vakkert og innbydande industriområde.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal